

Dato: 14.09.2018  
Vår ref.: 2018/11159-3  
Saksbehandlar: barhart  
Dykkar ref.:

## Stadfesting deltaking i EU-prosjekt i Frankrike

Med dette stadfester eg at Katharina Lærum, født 29.07.1995, er bedt om å vere gruppeleiar i eit EU-finansiert prosjekt i Frankrike i perioden 20. oktober – 4 november 2018.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen Røde Kors, Hordaland fylkeskommune og den franske organisasjonen Solidarites Jeunesses. Åtte ungdomar og to gruppeleiarar vil reise frå Bergen til landsbyen Moissac og arbeide som frivillige i eit lokalt solidaritetsprosjekt i fjorten dagar. Dei vil hjelpe til med å renovere ein utandørs idrettsbane i sentrum av Moissac, i tillegg til å organisere aktivitetar for og i samarbeid med den lokale vidaregåande skulen og lokale ungdomar.

Prosjektet har fått stønad gjennom EU-programmet Erasmus+: Aktiv Ungdom, administrert av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Hordaland fylkeskommune er regionalt kontaktpunkt for dette programmet og bruker dette verktøyet målretta i arbeidet vårt med ungdomar som har falt ut av skulen.

Erasmus+: Aktiv Ungdom programmet gir stønad til prosjekt for ungdom mellom 13 og 30 år og dei som jobbar med ungdom. Aktiv Ungdom- programmet gir unge menneske høve til å få nye kunnskapar og ferdigheter, gjennom frivillig arbeid i Europa (European Voluntary Service), gruppeutvekslingar og kurs. Ungdomar med spesielle utfordringar er ei prioritert målgruppe. For meir informasjon, sjå: <https://www.aktivungdom.eu/> og <https://www.hordaland.no/nn-NO/internasjonalt/erasmus-aktiv-ungdom/>. For spørsmål, ta gjerne kontakt med underteikna på telefon 47791620.

Med venleg helsing,

Barbara Harterink  
Seniorrådgjevar